

Fra: Solbjørg Åmdal Sandvik
Sendt: 22. januar 2015 14:24
Til: Reidun Elin Johannessen
Kopi: Per Arne Traa (perarnetraa@gmail.com)
Emne: Høyringsuttale Skuleruta 2015-2016

Samarbeidsutvalet ved Meland ungdomsskule drøfta i møte den 19.januar framlegget til skuleruta 2015-2016.

SU-leiar Per Arne Traa leia møtet, og det vart samrøystes vedteke å senda særutskrift frå Sak 04/15 Skuleruta 2015 – 2016:

« Framlegget til skuleruta 2015-2016 har vore drøfta i FAU, mellom elevar og mellom tilsette ved Meland ungdomsskule. På bakgrunn av desse drøftingane vil SU koma med følgjande uttale:

SU ved Meland ungdomsskule ønskjer at vinterferien 2016 skal vera i veke 8 og ikkje leggjast til påskeferien. Ein ser det som viktig at elevane får eit «pustehol» mellom jul og påske, og meiner det ikkje er bra reint fagleg å ha 2 veker ferie like før evt prøve-eksamenstid.

Det vert også peika på at med den mangel på snø som er i vårt område, er det bra at elevane våre kan nytta lokale skianlegg til dagsturar i vinterferien, anten det er veke 8 eller veke 9.»

Etter som høyringsfristen var 23.januar, reknar vi med at dette innspelet frå Samarbeidsutvalet ved Meland ungdomsskule vert tatt med under handsaminga av skuleruta.

Helsing
Solbjørg Åmdal Sandvik – sekretær SU-

Venleg helsing

Solbjørg Åmdal Sandvik
Rektor Meland ungdomsskule
Tlf: 5617 1410 / 5617 1000 Mob.nr +47 91549022
E-post: solbjorg.aa.sandvik@meland.kommune.no



[Sjå brosyren vår](#)